

Prop. 18 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Barne- og familidepartementet

*Tilråding frå Barne- og familidepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og familidepartementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2021 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Endringsforslag

Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep

*Post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak m.m.,
kan nyttast under post 21 og kap. 858, post 01*

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til etablering av eit nasjonalt samisk kompetansesenter for barnevern, familievern og krisesentertilbod. Den samla løyvinga til senteret er 10 mill. kroner i 2021 fordelt på ulike postar, sjå omtale under kap. 842, post 01 og kap. 854, post 61. Etableringa er forsinka, mellom anna fordi det tek tid å rekruttere kvalifisert personale. BFD føreslår å redusere løyvinga på kap. 840, post 70 med 0,5 mill. kroner.

Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle,
overslagsløyving*

Prognosene for bruk av meklarar utanom familievernet er høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 841, post 21 med 1,1 mill. kroner.

Post 22 Opplæring, forsking, utvikling m.m.

Løyvinga dekkjer tiltak knytt til samliv og konfliktløysing. Det er venta lågare utgifter enn løyvinga på posten. Årsaka er i hovudsak at koronapandemien har ført til lågare utgifter til Domstoladministrasjonens arbeid med å heve kompetansen ved domstolane i foreldretvistar etter barnelova. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841, post 22 med 1 mill. kroner.

*Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar,
overslagsløyving*

Prognosene for talet på DNA-analysar til fastsetjing av farskap er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841, post 23 med 0,4 mill. kroner.

Post 70 Tilskot til samlivstiltak, kan nyttast under kap. 842, post 01 og kap. 858, post 01

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til tilskotsordninga til samlivskurs for fyrstegongsforeldre. Ordninga blei etablert i 2020. Grunna virusutbrotet har det vore krevjande å gjennomføre fysiske kurs. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 841, post 70 med 4 mill. kroner.

Kap. 842 Familievern

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til etablering av eit nasjonalt samisk kompetansesenter for barnevern, familievern og krisesentertilbod. Etableringa av senteret er forsinka, sjå nærmare omtale under kap. 840, post 70. BFD føreslår å redusere løyvinga på kap. 842, post 01 med 2,3 mill. kroner.

Kap. 843 Adopsjonsstønad

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn fra utlandet, overslagsløyving

Prognosen for talet på utanlandsadopsjonar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 843, post 70 med 1,7 mill. kroner.

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Talet på mottakarar av kontantstøtte har til no i år vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2021 blir no rekna til 1 440 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 844, post 70 med 50 mill. kroner.

Kap. 845 Barnetrygd

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Talet på mottakarar av barnetrygd har til no i år vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2021 blir no rekna til 17 360 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 845, post 70 med 100 mill. kroner.

Kap. 846 Familie- og oppveksttiltak

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 61, post 62 og post 71

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til arbeid med fritidskortet, til dømes arbeid med tekniske løysingar, oppfølging av kommunane og følgjeevaluering. Arbeidet med utvikling av den tekniske løysinga er forsinka og Bufdir reknar derfor eit mindreforbruk i 2021 på 30 mill. kroner. Regjeringa sitt forslag i Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) inneber at arbeidet med utvikling av teknisk løysing blir avslutta i 2021.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 846, post 21 med 30 mill. kroner.

Post 61 Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge, kan nyttast under post 71

Løyvinga blir mellom anna nytta til prøveprosjekt med nasjonal fritidskortordning der barn og unge skal få dekt utgifter knytt til fritidsaktivitetar. Det blir eit mindreforbruk i inneverande år på 50 mill. kroner fordi ikkje alle barn og unge i utprøvingskommunane har nytta seg av ordninga. Det har tatt tid å etablere ei fritidskortordning i desse kommunane og å byggje opp og formidle informasjon om ei ny ordning. Det har særleg vore utfordrande å få på plass gode løysingar for utbetaling. Ulike smitteverntiltak har skapt ytterlegare utfordringar for gjennomføring av fritidsaktivitetar, og for kommunane sitt arbeid.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 846, post 61 med 50 mill. kroner.

Post 70 Barne- og ungdomsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer mellom anna tilskotet til *Mangfold og inkludering* til Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU). På grunn av pandemien fekk ikkje LNU brukt opp alle midlane i 2020. Restmidlane blei overført fra 2020 til 2021 og tilskotet til LNU i 2021 er derfor avkorta med tilsvarande sum.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 846, post 70 med 1,2 mill. kroner.

Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., kan overførast

Løyvinga dekkjer mellom anna tilskotet til Barentssekreariatet i Kirkenes for å fremme ungdomssamarbeid i Barentsregionen. På grunn av pandemien fekk ikkje Barentssekreariatet brukt opp alle midlane i 2020. Restmidlane blei overført

frå 2020 til 2021 og tilskotet til Barentssekreariatet i 2021 er derfor avkorta med tilsvarande sum.

BFD føreslår derfor å redusere løvinga under kap. 846, post 79 med 1,1 mill. kroner.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Utgifter til nytt opplæringsprogram om minoritar i kommunalt barnevern og vidareutdanningar retta mot tilsette i kommunalt barnevern er løyvd over kap. 854, post 72. Opplæringsprogrammet og fire av vidareutdanningane, er gjennomførte som offentlege innkjøp. For å sikre korrekt postbruk, føreslår BFD å auke kap. 854, post 21 med 16,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 854, post 72.

Post 61 Utvikling i kommunane

I saldert budsjett 2021 vart det løyvd 0,5 mill. kroner til etablering av eit nasjonalt samisk kompetansesenter for barnevern, familievern og krise-sentertilbod. På grunn av forsenkingar med etableringa av senteret vil det ikkje bli utbetalt tilskot til kommunane i 2021. BFD føreslår derfor å redusere løvinga på posten med 0,5 mill. kroner. Sjå òg omtala under kap. 840, post 70 og kap. 842, post 01.

Løyvinga på posten dekkjer òg drifta av ei chatteteneste som høyrer til *Alarmtelefonen for barn og unge*, som Kristiansand kommune har ansvar for å drive. I nysalderinga for 2020 blei det løyvd 150 000 kroner i tilskot til Alarmtelefonen for å dekkje utgifter til auka bemanning i juleferien til skulane. Ved en feil blei ikkje tilskotet utbetalt til Alarmtelefonen før i 2021. For å dekkje meirutgiftene dette fører til på posten i 2021, føreslår BFD å auke løvinga med 150 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 858, post 01. Sjå omtale under kap. 858, post 01.

BFD føreslår samla å redusere posten med 350 000 kroner.

Post 72 Tilskot til forsking og kompetanseutvikling i barnevernet, kan overførast, kan nyttast under post 21

Utgifter til nytt opplæringsprogram om minoritar i kommunalt barnevern og vidareutdanningar retta mot tilsette i kommunalt barnevern er gjennomførte som offentlege innkjøp. For å sikre

korrekt postbruk, føreslår BFD å redusere posten med 16,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 854, post 21.

Kap. 855 Statlig forvaltning av barnevernet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60

I statsbudsjettet for 2021 er det løyvd 25 mill. kroner til tverrfagleg utgreiing av barn som skal plasserast utanfor heimen, i eit samarbeid mellom barnevern og helse. Av dette er 15,2 mill. kroner løyvd over kap. 855, post 01. Arbeidet med å etablere tverrfaglege helsekartleggingsteam er i gang. Bufetats regionar har tilsett eller er i ferd med å tilsetje medarbeidarar som skal planleggje og gjennomføre kartlegginga.

Nokre av teama er forsinka med etableringa, særleg grunna utfordringar i tilgongen på helsepersonell. BFD føreslår derfor å redusere løvinga til tverrfagleg helsekartlegging på kap. 855, post 01 med 2,5 mill. kroner i 2021.

Kap. 3855 Statlig forvaltning av barnevernet

Post 01 Diverse inntekter

Løyvinga på posten er 3,1 mill. kroner. Inntektene på posten er i hovudsak tilfeldige inntekter, til dømes inntekter frå sal av driftsmiddel og kursinntekter. Sal av bilar har gitt meirinntekter på 3 mill. kroner i 2021. BFD føreslår å auke løvinga på posten med 3 mill. kroner.

Post 02 Barnetrygd

Løyvinga på posten er om lag 4 mill. kroner. Innntektene på posten er barnetrygd for barn under omsorg av barnevernet. Talet på barn under omsorg er lågare enn lagt til grunn for inntektene. BFD føreslår derfor å redusere kap. 3855, post 02 med 0,7 mill. kroner.

Post 60 Kommunale eigendalar

Løyvinga på posten kjem frå kommunale eigendalar for tiltak i det statlege barnevernet. Aktivitetten i det statlege barnevernet har i 2021 vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Eit lågare tal på opphalldsdagar gir reduserte inntekter. BFD føreslår derfor å redusere kap. 3855, post 60 med 20 mill. kroner.

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855, post 01

Løyvinga dekkjer utgifter til drift av statlege omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar under 15 år, forvaltingsoppgåver knytt til omsorgssentera, og busetjingsarbeid. Løyvinga legg til rette for drift av 50 plassar. Talet på barn i sentera var lågt i fyrste halvdel av 2021. Dette har gitt lågare utgifter enn lagt til grunn for løyvinga. BFD føreslår derfor å redusere kap. 856, post 01 med 15 mill. kroner.

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Innanlandske utgifter knytt til mottak av asylsøkjarar og flyktningar kan, ifølgje statistikkdirektivet til OECD/DAC, godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Ifølgje retningslinjene frå OECD/DAC er det berre utgifter det fyrste året som kan godkjennast. Det er i gjeldande budsjett lagt til grunn at 100 prosent av barna i omsorgssentera har butid under eitt år i 2021. Oppdatert informasjon viser at nokre av barna vil ha butid over eitt år. Dei totale utgiftene har òg vore lågare enn lagt til grunn for berekning av løyvinga. BFD føreslår derfor å redusere kap. 3856, post 04 med 21,1 mill. kroner.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og fellesfunksjonar i Barne-, ungdoms- og familieetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer mellom anna lønn og andre driftsutgifter i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). BFD føreslår å redusere løyvinga på posten med 150 000 kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 854, post 61. Sjå omtale under kap. 854, post 61.

Kap. 865 Forbrukapolitiske tiltak

Post 71 Tilskot til Reisegarantifondet

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til reisegaranti etter konkurs dersom det viser seg at garantiane som pakkereisearrangørane har stilte,

er utilstrekkelege til å dekkje krava frå dei reisande. Ordninga vart oppretta som følgje av pandemien. Løyvinga på posten skal òg dekkje ei mellombels og avgrensa kompensasjonsordning. Kompensasjonsordninga skal dekkje krav frå reisande som ikkje blir omfatta av reisegarantior ordninga fordi arrangørane gjekk konkurs etter at reisene vart avlyste eller avbestilte, men før dei reisande hadde fått attende sine innbetalte forskot.

På bakgrunn av oppdaterte overslag frå Reisegarantifondet, føreslår BFD å redusere løyvinga på posten med 130 mill. kroner i 2021.

Kap. 881 Tilskot til trussamfunn m.m.

Post 75 Tilskot til private kyrkjebygg

Tilskotet til private kyrkjebygg blir tildelt etter søknad og går til kjøp eller bygging av kyrkjebygg eller forsamlingslokale for trussamfunn utanom Den norske kyrkja, og til private stiftingar og frivillige organisasjonar innan Den norske kyrkja. Berre sju søknader fall inn under ordninga i 2021. Det blei tildelt om lag 2,2 mill. kroner i tilskot.

BFD føreslår på denne bakgrunn å redusere posten med 3,1 mill. kroner.

Kap. 882 Kyrkjebygg og gravplassar

Post 60 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekkje beløp tilsvarende renteutgiftene for dei investeringskostnadene som det er gitt tilsegn om kompensasjon for i perioden 2005–2019. Oppdatert overslag for rentenivået i ordninga viser at utbetalinga av rentekompensasjon for 2021 vil bli på om lag 10 mill. kroner.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 2530 Foreldrepengar

Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2021 blir no rekna til 21 330 mill. kroner. Dette er 440 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett. Auken skuldast i hovudsak at fleire foreldre enn tidlegare er venta å få foreldrepengar i 2021, mellom anna på grunn av høgare fødselstal. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530, post 70 med 440 mill. kroner.

*Post 72 Feriepengar av foreldrepengar,
overslagsløyving*

Utbetalingane til feriepengar av foreldrepengar har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2021 blir no rekna til 535 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 7 mill. kroner.

*Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon,
overslagsløyving*

Talet på mottakarar av foreldrepengar ved adopsjon har til no i år vore noko lågare enn tidlegare

lagt til grunn. Utgiftene i 2021 blir no rekna til 30 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 7 mill. kroner.

Barne- og familidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Barne- og familidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Barne- og familiedepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Barne- og familidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|------------|
| 840 | | Tiltak mot vald og overgrep | |
| 70 | | Tilskot til valdsførebyggjande tiltak m.m., <i>kan nyttast under post 21 og kap. 858, post 01</i> , blir redusert med | 450 000 |
| | | frå kr 131 063 000 til kr 130 613 000 | |
| 841 | | Samliv og konfliktløysing | |
| 21 | | Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med | 1 100 000 |
| | | frå kr 11 995 000 til kr 13 095 000 | |
| 22 | | Opplæring, forskning, utvikling m.m., blir redusert med | 1 000 000 |
| | | frå kr 10 999 000 til kr 9 999 000 | |
| 23 | | Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med | 412 000 |
| | | frå kr 5 325 000 til kr 4 913 000 | |
| 70 | | Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 842, post 01 og kap. 858, post 01</i> , blir redusert med | 4 000 000 |
| | | frå kr 28 424 000 til kr 24 424 000 | |
| 842 | | Familievern | |
| 01 | | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , blir redusert med | 2 300 000 |
| | | frå kr 380 862 000 til kr 378 562 000 | |
| 843 | | Adopsjonsstønad | |
| 70 | | Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med | 1 700 000 |
| | | frå kr 8 200 000 til kr 6 500 000 | |
| 844 | | Kontantstøtte | |
| 70 | | Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med | 50 000 000 |
| | | frå kr 1 490 000 000 til kr 1 440 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|-------------|
| 845 | | Barnetrygd | |
| | 70 | Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 17 460 000 000 til kr 17 360 000 000 | 100 000 000 |
| 846 | | Familie- og oppveksttiltak | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 61, post 62 og post 71</i> , blir redusert med frå kr 60 227 000 til kr 30 227 000 | 30 000 000 |
| | 61 | Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med frå kr 581 597 000 til kr 531 597 000 | 50 000 000 |
| | 70 | Barne- og ungdomsorganisasjonar, blir redusert med frå kr 166 243 000 til kr 165 086 000 | 1 157 000 |
| | 79 | Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 11 115 000 til kr 10 043 000 | 1 072 000 |
| 854 | | Tiltak i barne- og ungdomsvernet | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med frå kr 81 298 000 til kr 98 098 000 | 16 800 000 |
| | 61 | Utvikling i kommunane, blir redusert med frå kr 71 185 000 til kr 70 835 000 | 350 000 |
| | 72 | Tilskot til forsking og kompetanseutvikling i barnevernet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med frå kr 114 817 000 til kr 98 017 000 | 16 800 000 |
| 855 | | Statleg forvalting av barnevernet | |
| | 01 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i> , blir redusert med frå kr 4 070 372 000 til kr 4 067 872 000 | 2 500 000 |
| 856 | | Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar | |
| | 01 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855, post 01</i> , blir redusert med frå kr 121 820 000 til kr 106 820 000 | 15 000 000 |
| 858 | | Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet og fellesfunksjonar i Barne-, ungdoms- og familieetaten | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 604 035 000 til kr 603 885 000 | 150 000 |
| 865 | | Forbrukarpolitiske tiltak | |
| | 71 | Tilskot til Reisegarantifondet, blir redusert med frå kr 182 000 000 til kr 52 000 000 | 130 000 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| 881 | | Tilskot til trussamfunn m.m. | |
| | 75 | Tilskot til private kyrkjebygg, blir redusert med frå kr 5 299 000 til kr 2 157 000 | 3 142 000 |
| 882 | | Kyrkjebygg og gravplassar | |
| | 60 | Rentekompensasjon – kyrkjebygg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med | 10 000 000 |
| | | frå kr 20 000 000 til kr 10 000 000 | |
| 2530 | | Foreldrepengar | |
| | 70 | Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .. frå kr 20 890 000 000 til kr 21 330 000 000 | 440 000 000 |
| | 72 | Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .. frå kr 555 000 000 til kr 535 000 000 | 20 000 000 |
| | 73 | Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .. frå kr 37 000 000 til kr 30 000 000 | 7 000 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|------------|
| 3855 | | Statleg forvalting av barnevernet | |
| | 01 | Diverse inntekter, blir auka med .. frå kr 3 063 000 til kr 6 063 000 | 3 000 000 |
| | 02 | Barnetrygd, blir redusert med .. frå kr 3 959 000 til kr 3 259 000 | 700 000 |
| | 60 | Kommunale eigendelar, blir redusert med .. frå kr 1 439 381 000 til kr 1 419 381 000 | 20 000 000 |
| 3856 | | Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar | |
| | 04 | Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .. frå kr 116 005 000 til kr 94 945 000 | 21 060 000 |

=====

